

DANSEKURS



Kjære elevar og føresette!

Fjord kulturskule arrangerer i haust dansekurs og inviterer no alle elevar frå 1.-10. trinn til å melde seg på!

I vår var det fleire born og unge som meldte interesse for tilbodet og har stått på venteliste. Dei får no høve til å stadfeste plassen sin, og så opnar vi i tillegg for at fleire kan søkje om plass.

Kurset vil gå over seks veker, med undervisning på fredagar, i tidsrommet frå kl. 16.30- ca. 18.30. Elevane vil bli delt inn i grupper etter alder.

Den siste veka vil det i tillegg bli ei litt lengre økt på laurdag, med ei lita framsyning for familie og vener til slutt 😊

Oppstart: Fredag 29. oktober

Lærer: Karianne Vikene
Karianne er ein dyktig lærar med lang erfaring frå kulturskuleundervisning, både innan musikk og dans.

Stad: Valldal, Martin Linge-huset

Dag/tid: Fredagar frå kl. 16.30 – 18.30
(To eller tre grupper, dei yngste først.)

Pris: kr. 500

Påmelding, elektronisk søknadsskjema:
<https://nonorddal.speedadmin.dk/tilmelding#/>

Vi ber om at alle som vil vere med melder seg på seinast **onsdag 20. oktober**. Plassane blir fylt opp fortløpande, så då er det «førstemann til mølla» 😊

Dersom det blir god påmelding og stor interesse for kurset satsar vi på å gi eit liknande tilbod også i vårsemesteret.

Har de spørsmål? Ta kontakt med rektor Gøril Vidhammer,

tlf: 916 999 39, epost: goril.vidhammer@fjord.kommune.no